

Vedlegg til høyringsinnspel i delprosjekt administrativ organisering i hovudprosjekt fagleg og administrativ organisering frå Studenttorget i Bergen.

Dette innspelet tek kun for seg området *studierettleiing*, som er ei av oppgåvene som sorterer under utdanningsadministrasjonen ved HVL og som er foreslått lagt på fakultetsnivå i begge modellane som prosjektgruppa har lagt fram.

Studierettleiing er ei oppgåve vi meiner må ligge og utøvast på kvar av dei fem studiestadane ved HVL, dette for å sikre størst mogleg nærleik til dei studentane som treng rettleiing omkring studiesituasjonen sin. Prinsippet om at studentane ved HVL må kunne få studierettleiing på studiestaden dei er tatt opp ved, meiner vi må ligge fast, uavhengig av kva organiseringsmodell som vert vedtatt. Vi meiner at digitalisering i form av skypesamtalar ikkje skal nyttast i studierettleiinga, men at rettleiinga må skje i direkte samtale med studenten, ansikt til ansikt.

Ved samlokaliseringa av HiB på Kronstad og i Møllendalsveien hausten 2014, blei det oppretta eit felles studenttorg som skulle tene som eit knutepunkt for den samla studierettleiinga ved HiB. Studierettleiarane, som organisatorisk høyrer til på dei tre fagavdelingane, har 20% av stillinga si knytt til arbeid i Studenttorget. Der tek dei imot studentar til drop-in eller planlagt studierettleiing etter ein fast turnusplan pr. veke. I tillegg deltek dei i faste møte i Studenttorget, der tema kan vere sakshandsamings-prinsipp og reglar, kompetanseheving/kurs/rettleiingsgrupper og møte med samarbeidspartnarar som t.d. SiB, NAV etc. I regi av Studenttorget deltek studierettleiarane også i planlegging av og i studentmottaket ved studiestart og arrangement som t.d. open dag på campus (informasjons- og rekrutteringsarbeid).

Internasjonalt kontoret, eksamenskontoret og praksisadministrasjonen deltek også i fast turnus i Studenttorget. Med mange administrativt tilsette sittande i kontorlandskap ved HVL Bergen, er Studenttorget eit knutepunkt der tilsette i utdanningsadministrasjonen er tilgjengelege for studentane etter ein fastsett plan.

Studenttorget har to tilsette i ei eiga førsteline. Desse to har ansvaret for studentmottaket, som kan skje ved oppmøte, på telefon og epost. Førstelina handterer, løyser og sorterer førespurnadar frå studentane og vidaresender arbeidsoppgåver som skal til studierettleiarane. I tillegg reserverer dei timar til studierettleiing og skriv studentsstadfestingar med informasjon henta frå FS. Desse to tilsette tener i det daglege som ei førstelineteneste for studierettleiarane og lettar dermed deira arbeidskvardag.

I ei framtidig fakultetsorganisering ved HVL, ser vi det slik at det framleis vil vere mogleg og tenleg å oppretthalde det knutepunktet som Studenttorget er, for studierettleiingstenestene ved studiestad Bergen, i ei fellesteneste på institusjonsnivå. Dette knutepunktet vil kunne utvikle og ivareta felles og best praksis for studierettleiing og utdanningsadministrasjon, inkludert sakshandsaming, på ein god måte og slik sikre god forvaltning for HVL Bergen og gode tenester for studentane.

